



Statens vegvesen

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
19/119764-9

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.12.2019

Avslutting av sams vegadministrasjon – Viktig informasjon til våre samarbeidspartnarar

Regionreforma trer i kraft **1.1.2020** og inneber mellom anna at sams vegadministrasjon etter veglova §10 blir avslutta, dvs. at fylkesvegadministrasjonen blir overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Statens vegvesen skal såleis ikkje lenger utføre fylkesvegoppgåver på vegne av fylkeskommunane. Ansvar for rekneskapsføring for fylkesveg blir også overført til dei respektive fylkeskommunane med verknad frå og med 1.1.2020.

Statens vegvesen vil frå same tidspunkt bli omorganisert frå dagens regionale modell med eit Vegdirektorat og fem regionar, til ein funksjonsmodell med seks divisjonar og eit Vegdirektorat. Nærare informasjon om den nye organiseringa vil bli tilgjengeleg på www.vegvesen.no når endringane trer i kraft.

Informasjon om handsaming av fylkesvegsaker frå 1. januar 2020

Saker som gjeld fylkesveg vert etter 1.1.2020 fordelte i tre kategoriar:

1. Saker på fylkesveg som berre skal sendast til fylkeskommunen.
2. Saker på fylkesveg som skal sendast både til fylkeskommunen og til Statens vegvesen (som sektormynde for veg).
3. Saker på fylkesveg som framleis skal sendast til Statens vegvesen (uendra).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

1. Saker på fylkesveg som berre skal sendast til fylkeskommunen

Lowverk	Sakstype
Veglova	Søknad om dispensasjon frå byggegrense
	Søknad om avkøyrslar
	Søknad om gjerde m.m. langs veg
	Søknad/forslag om omklassifisering av veg
	Søknad om arrangement inkl. filming/fotografering
	Søknad om reklame
	Søknad om å trekkje/leggje leidningar og kablar, samt graving
Vegtrafikklova	Søknad om skilting, vegoppmerking og trafikksignalanlegg (Statens vegvesen er vedtaksmynde)
Plan- og bygningslova	Nabovarsel
Forureiningsforskrifta	Søknad om støyttiltak og betra luftkvalitet

2. Saker på fylkesveg som skal sendast både til fylkeskommunen og til Statens vegvesen

Lowverk	Sakstype
Plan- og bygningslova	Oppstartsvarsel og høyringsbrev i arealplansaker, konsesjonssaker m.m.
	Høyringsbrev i dispensasjonssaker

3. Saker på fylkesveg som framleis skal sendast til Statens vegvesen (uendra)

Lowverk	Sakstype
Vegtrafikklova	Søknad om arbeidsvarsling
	Søknad om sykkelritt
	Søknad om konkurransekøyring med bil
	Søknad om dispensasjon for spesialtransport (VegSak)

Alle generelle førespurnadar om **fylkesveg** skal rettast til den aktuelle fylkeskommunen. For å finne vegtype, tilrår me å bruke karttenesta www.vegkart.no.

Alle søknadar og generelle førespurnadar om **riks- og europaveg** skal framleis sendast til Statens vegvesen.

Overføring av saker/dokument til fylkeskommunane – frå 1.1.2020

Statens vegvesen har ansvar for fylkesvegsaker fram til 1.1.2020. Saker som er mottekne av Statens vegvesen i 2019, og som skal handsamast i fylkeskommunen frå 2020, blir overførte frå sakshandsamarane i Statens vegvesen til fylkeskommunen fortløpande etter nyttår.

Omorganiseringa av Statens vegvesen og avsluttinga av sams vegadministrasjon vil kunne føre til lengre sakshandsamingstid.

Nedetid på www.elnnsyn.no (nettside for publisering av Statens vegvesen sine offentlege journalar)

I perioden 16.12.2019 til 6.1.2020 vil Statens vegvesen sine offentlege journalar ikkje vere tilgjengelege for søk og bestilling av innsynskrav.

Frå og med 1.1.2020 blir det berre publisert éin journal for Statens vegvesen, ikkje delt i dagens regionale journalar.

Ny kontaktinformasjon Vestland fylkeskommune

Telefonnr: 05557

E-postadresse som er operativ frå 01.01.2020: post@vlfk.no

Postadresse: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

Besøksadresse i Bergen frå 06.01.2020: Sandslihaugen 30

For sending av sikker digital post til Vestland fylkeskommune, bruk org.nr. 821311632.

Ny kontaktinformasjon Statens vegvesen

Postadresse: Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 LILLEHAMMER

Felles e-postadresse: firmapost@vegvesen.no

For sending av sikker digital post til Statens vegvesen, bruk org.nr. 971032081

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

ASKØY KOMMUNE, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ

AUSTEVOLL KOMMUNE, Birkelandsvegen 2, 5392 STOREBØ

AUSTRHEIM KOMMUNE, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM
BERGEN KOMMUNE, Postboks 7700, 5020 BERGEN
BERGEN KOMMUNE BYMILJØETATEN, Postboks 7700, 5020 BERGEN
Bergen kommune Byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling,
BERGEN KOMMUNE PLAN – OG BYGNINGSETATEN, Postboks 7700, 5020 BERGEN
BØMLO KOMMUNE, Rådhuset Leirdalen 1, 5430 BREMNES
FEDJE KOMMUNE, Stormarkvegen 49, 5947 FEDJE
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
MASFJORDEN KOMMUNE, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
MELAND KOMMUNE, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
OS KOMMUNE I HORDALAND, Postboks 84, 5202 OS
OSTERØY KOMMUNE, RÅDHUSET, 5282 LONEVÅG
RADØY KOMMUNE, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER
STORD KOMMUNE, Postboks 304, 5402 STORD
SUND KOMMUNE, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG
SVEIO KOMMUNE, Postboks 40, 5559 SVEIO
ØYGARDEN KOMMUNE, Ternholmvegen 2, 5337 RONG

Kopi

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN